



Lokale bondelag v/leiar

Vår sakshandsamar
Bergit Li
Tlf. 35 95 90 31

Vår dato
2010-09-23
Dykkar dato

Vår referanse 2009/00307/012
Arkiv: 021
Dykkar referanse

Årsmøte i lokallaga

Det er haust og tid for planlegging av årsmøtet i lokallaget. Iflg. vedtektene skal årsmøtet vere avvikla innan midten av november. Årsmøtet skal kunngjerast med minst 14 dagars varsel til medlemmene.

Fylkesstyret ønskjer, som dei siste åra, å konsentrere årsmøteperioden, og **ber om at årsmøte i lokallaget blir halde i veke 44/45.**

Meld frå til fylkeskontoret om årsmøtedagen. Me ønskjer at ein representant frå styret eller kontoret er til stades på årsmøtet.

Pressa bør få melding om val og andre aktuelle saker frå årsmøtet og lagsarbeidet. Hugs og bruk "kornneket" ved utlysing av møte i avisene. Ta kontakt med fylkeskontoret dersom de ønskjer kornneket tilsendt elektronisk.

Når det gjeld saker som skal behandlast på årsmøtet, viser vi til §14 i lovene til Norges Bondelag, og minner spesielt om at årsmøtet skal behandle arbeidsplan for neste år.

Lag eit program med tema for årsmøtet slik at medlemmene får lyst til å koma!

Kontakt gjerne underteikna dersom de ønskjer å drøfte temaval, innleiarar m.v. Bruk årsmøtet som eit høve til å styrkje kontakten med politikarar og/eller administrasjonen i kommunen.

Kanskje to lokallag kan ha årsmøte på same tid og stad, først felles program, etterpå separate årsmøte?

Bondelagets Servicekontor AS

Postadresse: Landbrukets hus, Bøvegen 271, 3810 Gvarv.	Besøksadresse:	Telefon: 35 95 90 30	Telefaks: 35 95 90 39	E-postadresse telemark@bondelaget.no
Telemark Bondelag	Org.nr.: 987373024	Bankkonto: 2630.07.00526	Internet:	
Bondelagets Servicekontor AS	Org.nr.: 985063001 MVA	Bankkonto: 8101.05. 91392		www.bondelaget.no/telemark

Melding om val

Etter årsmøtet skal det sendast melding til fylkeslaget på vedlagde skjema. Skjemaet blir også sendt dykk pr. e-post. Me ber også om å få eit eksemplar av årsmeldinga for lokallaget.

Valnemnda

Styret har ansvar for å ta kontakt med valnemnda i god tid før årsmøtet slik at den kan starte arbeidet.

Valnemnda bør orientere nye styrekandidatar om leiarmøtet 23. og 24. november.

Medlemsliste/adresseetikettar

Vedlagt følgjer to medlemslister, den eine er til valnemnda. Legg også ved eit sett adresseetikettar.

Ta kontakt med fylkeskontoret når de treng fleire adresseetikettar el. medlemsliste.

Dersom det er vanskeleg for lokallaget å få sendt ut innkalling til årsmøtet, kan fylkeskontoret hjelpe til.

Lykke til med årsmøtet og arbeidet i lokallaget i haust!

Med helsing

Kjell A. Sølverød/s

Amund Johnsrud